



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
34/21	Tenesteutval for helse og omsorg	18.11.2021
226/21	Formannskapet	23.11.2021
	Kommunestyret	

### Betalingssatsar for helse- og omsorgstenester 2022

#### **Samandrag:**

Lover og forskrifter regulerer mykje av det kommunen kan ta betalt for når det gjeld helse- og omsorgstenester. Kommunane i sjestjerna Søre Sunnmøre har for tredje år samarbeidd om utarbeidning av prisnivå for mange av tenestene innanfor helse- og omsorg. Endringane frå 2021 til 2022 skil seg stort sett på generell prisauke med nokre unntak. Eit viktig moment for prissamarbeid mellom kommunane, er felles bruk av elektronisk fakturering gjennom Gerica. Når prisane er like, kan desse lett hentast fram elektronisk når tenestene skal fakturerast. Kvar kommune får brukt merkantile ressursar meir effektivt på denne måten. Prisane mellom kommunane har vore samanlikna siste åra og er i stor grad like mellom kommunane.

### Formannskapet 23.11.2021:

#### **Behandling:**

#### **Røysting (ni røysteføre):**

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

### **FSK- 226/21 Vedtak:**

Kommunestyret vedtek betalingssatsane slik dei vert foreslått i saksutgreiinga under tabell 1, tabell 2, tabell 3, tabell 4, tabell 5 og tabell 6.

### **Tenesteutval for helse og omsorg 18.11.2021:**

#### **Behandling:**

Røysting (åtte røysteføre):

Tenesteutval for helse og omsorg støttar samrøystes kommunedirektøren si tilråding.

**THO- 34/21 Vedtak:**

**Kommunedirektøren si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek betalingssatsane slik dei vert foreslått i saksutgreiinga under tabell 1, tabell 2, tabell 3, tabell 4, tabell 5 og tabell 6.*

**Kommunedirektøren si tilråding:**

Kommunestyret vedtek betalingssatsane slik dei vert foreslått i saksutgreiinga under tabell 1, tabell 2, tabell 3, tabell 4, tabell 5 og tabell 6.

Vedtak som innstilling frå Tenesteutval for helse og omsorg - 18.11.2021 - 34/21

**Kommunedirektøren si tilråding:**

*Kommunestyret vedtek betalingssatsane slik dei vert foreslått i saksutgreiinga under tabell 1, tabell 2, tabell 3, tabell 4, tabell 5 og tabell 6.*

## Saksopplysningar:

Storleiken på fastsetting av eigendel for tenester i både institusjon og utanfor institusjon vert regulert i *"forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester"*. Forskrifta fortel også om kommunen sitt høve til å fastsette eigendel og betalingssatsar. Forskriftsendringa brukar kome i desember månad, gjeldande frå 01.01. påkommende år. Dei nye statleg fastsette prisane for 2022 er derfor ikkje lagt inn her, men kostnad 2021 ligg ved. Bebuarane på institusjon betaler etter inntekt med ulike fråtrekksrettar. Dette er heilt regelstyrt og har såleis ikkje relevans i denne saka, med unntak av at kommunens vedtekne kurdøgnpris er maksimalbeløpet kommunen kan krevje pr døgn av bebuarar på institusjonen. Ingen i Volda er i nærleiken av å bli krevd eit så stort beløp for opphold her.

Inntekta til den einskilde styrer også kva ein må betale for praktisk bistand, folkeleg kalla "heimehjelp". Sentral forskrift regulerer satsen for inntekter opp til 2G, som ved endring pr. 01.05.2021 vart kr. 212.798,-. For inntekter over 2G står kommunane meir fritt til prisfastsettjing. I årets framlegg er forslaget frå kommunesamarbeidet i sjusterjerna lagt til grunn. Den sentrale forskrifa som fastsetter 2022-satsane, er ikkje vedteken endå, men framlegg til nye satsar er gjort kjend. I framlegg til vedtak er desse tala brukt. Tidlegare år er desse tala først blitt kjende når ny forskrift har blitt sendt ut på nyåret. Her er satsar frå sjusterjernekommunane slik dei var i 2021.

Abonnement og timesats for praktisk bistand pr. mnd. 2021						
	<2G	2-3G	3-4G	4-5G	>5G	Timesats
Volda 2021	210	1400	1700	2000	2300	395
Ørsta 2021	210	1400	1700	2000	2300	395
Ulstein 2021	210	1400	1700	2000	2300	395
Hareid 2021	210	1400	1700	2000	2300	395
Vanylven 2021	210	1359	1662	1989	2291	395
Herøy 2021	210	1400	1750	2100	2450	395
Sande 2021	210	1400	1700	2000	2300	395

## Tryggleiksalarm, abonnementskostnad pr. mnd. i 2021

	Volda	Ørsta	Herøy	Ulstein	Sande	Hareid	Vanylven
Mot alarmsentral	360	360	360	360	360	360	352
I bufellesskap	230	230			230		

Det er skilnad på det forskrift kallar "dagophald på institusjon" og det som er dagsenteret for eldre. Dagsenteret for eldre legg vinn på å gi eit fagleg godt tilbod med aktivisering, trening, kulturelle opplevingar, turar, matlaging og mykje meir. Tilboden har sterkt fokus på førebyggande helsearbeid ved å legge til rette for at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. "Dagophald på institusjon" er svært sjeldan brukt hjå oss, men då blir tilboden gitt i institusjonsavdeling og innhaldet skil seg frå det dagsenteret kan gi. Dette er forklaring på kvifor det er forskjell på statleg fastsett sats for

institusjonsopphald og våre dagsenterprisar.

Fleire tenester kan tildelast etter ulikt lovverk. Til dømes helse- og omsorgstenestelova §3-2, pasient- og brukarrettigheitslova §2-1a, eller heimling i forvaltningslova og ikkje i helselov. Fastsetjing av betaling for mat har danna grunnlag for diskusjonar både i sjusterneområdet og andre plassar. Ei kommune i sjusterneområdet har endra sine retningsliner for korleis dette vert gjort, mellom anna ved å beregne meir omfattande tildeling av praktisk bistand mot rimelegare matpris. Dette gir store individuelle skilnader på kostnader til mat.

Kommunalsjefane i sjusterneområdet har diskutert dette, ikkje minst også i samband med stadig meir utnytting av velferdsteknologi, der spørsmålet om berekning av betalingssatsar er stort, men har potensial til å bli langt meir innfløkt enn slik praksis er no. Sidan ein opplever forskrifter ikkje tilstrekkeleg klargjerande på korleis kommunal praksis skal handtere denne nye elektroniske kvardagen, har ein valt å oppretthalde tidlegare praksis til dette området er betre utgreidd.

Hamna dagsenter har bygd opp fleire sanserom og kompetanse på berøring. For mange er bruk av desse romma viktige stimuli for ei positiv utvikling. Prisane gjeld for dei som ikkje er tildelt plass på Hamna dagsenter, men treng berøringsterapeut frå Hamna dagsenter for å nytte seg av tilboden.

Forslaget om å senke kostnad ved å nytte dagsenteret for eldre vart gjort i 2018 for å sjå om fleire då ville nytte seg av det. Det hadde effekt, og det er langt fleire som nyttar dette tilboden no. Vi har frå 01.09.21 etablert eit dagsentertilbod på Folkestadtun, ope to dagar kvar veke. Der er seks plassar og alle vart brukt mest frå første dag. Det vert også starta opp eit nytt tilbod på omsorgssenteret i Hornindal frå 01.01.22, førebels ein dag i veka. Det er viktig at heimebuande nyttar dadtilboda, det er eit viktig supplement i strategien med å la folk bu heime så lenge som råd. Her får ein både sosial, fysisk og mental stimulering, alt tilrettelagt for den einskilde.

I «gamle» Volda har kommunal fysioterapeut gjennom mange år leia ei treningsgruppe for eldre. Mange har delteke i denne treninga, som har vore viktig for å stimulere både balanse og styrke, men også ein viktig funksjon som sosial møteplass. Når dette no vert foreslått å ta ein eigendel for, handlar det om prinsippet om likeverdigheit. I Hornindal har ein drifta tilsvarende gruppe leia av fysioterapeut i fleire år, deltakarane der har betalt kr 400,- for 10 gongar. Når likeverdigheit er eit prinsipp, kven skal kunne påberope seg rett til gratis teneste og kan forvente at kommunen etablerer ei treningsgruppe? Er det alder, balanseproblem, fallrisiko, funksjonshemming, overvekt, psykisk uhelse eller andre årsaker? Å halde seg i god form er viktig for alle og det er flott om alle, uavhengig av føresetnader, finn eit tilbod som passar. Fysisk og psykisk velvere gjer oss alle betre i stand til gode liv lengst mogleg. Spørsmålet er om nokon skal få dette som ei gratis teneste frå kommunen og kven som evt. må betale for det. I ei tid med fleire krevjande oppgåver for kommunale rehabiliteringsressursar, er det viktig at vi nyttar den rett og likeverdig for våre innbyggjarar.

I kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, vert det vist til betalingssatsane i saksutgreiinga. Det er følgjande tabellar 1 – 6.

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2022 vert slik:

**Tabell 1: Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse**

<b>G= 106.399,-</b>	<b>Inntektsgrunnlag</b>	<b>2021</b>	<b>2022 pr. mnd</b>
<2G	Inntekt<212.798,-	215,-	215,-*
2 – 3G	212.799,- - 319.197,-	1.350,-	1.400,-**
3 – 4G	319.198,- - 425.596,-	1.650,-	1.700,-**
4 – 5G	425.597,- - 531.995,-	1.975,-	2.000,-**
>5G	531.996,->	2.275,-	2.300,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		395,-	400,-**

**Tabell 2: Sal av mat**

	<b>Kommentar</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		110	110**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		60	60**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		60	60**
Varm mat levert i privat heim	Behovsvurdert	110	110**
Fullkost pr. døgn		170	170**

Frivillege sjåførar har fått utbetalt 150,- pr dag dei kører. Utkøyring x 3 pr veke.  
Denne ordninga fortsetter som før.

**Tabell 3: Tenester**

	<b>Kommentar</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	175	*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	95	*
Nattoppahald på institusjon	Statleg fastsett	95	*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	360	360
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	230	240**
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	400	400
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	350	350
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Balansetrening i gruppe med fysioterapeut	Betaling for 10 gongar		400
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.500	1.500
Leige av kafeteria(kaffistova)		1.500	1.500
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timer	650	650
	Konfirmasjonar mm	1.600	1.600

**Tabell 4: Dagsenteret for eldre**

		<b>2021</b>	<b>2022</b>
Tilbod ved Volda omsorgssenter,(inkluderer ***)	Kostnad pr.dag	170	170
Tilbod på Folkestad og i Hornindal (u.middag)		100	100
Dagtilbod for bebuarar i døgnbemanna tilbod(unntak)		70	70
*** Transport, turar, trening, aktivisering, middag			

**Tabell 5: Kurdøgnpris**

<b>Utrekna etter statlege føringar</b>		<b>2020</b>	<b>2021</b>
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt, Volda omsorgssenter	Ikkje betalingssats	2.750,-	2.756,-
Kurdøgnpris Hornindal omsorgssenter			2.532,-

**Tabell 6: Hamna dagsenter**

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm.	25,-	Pr.dag

**Vurdering og konklusjon:**

Dei ulike betalingssatsane for omsorgstenester blir endra årleg. Dei fleste endringane vert justerte på grunn av generell prisauke. Samordning av prisfastsetjing mellom sjusternekkommunane er fornuftig. Ein fordel er at prisane kan leggast inn i fagsystemet Gerica og fakturerast utifrå tenestene brukarane er tildelt. Dette sparer merkantil innsats. Fleire prisar er uendra frå 2021, andre har fått påslag. Det er forslag om å opprette betaling for bruk av fysioterapeut i treningsgruppe for eldre.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje vurdert

Konsekvensar for folkehelsa: Ja

Miljøkonsekvensar: Ikkje vurdert som heilskap, men kvar for seg har fleire av desse tenestene stor betydning for einskildpersonar.

Økonomiske konsekvensar: Ikkje konkret utrekna då statlege satsar ikkje vedtekne før ny forskrift er vedtatt sentralt. Litt usikker på samla utslag basert på prisane og samanslåinga. Ein kan likevel grovt kalkulere samla inntektsauke på ca. 75.000,- om desse endringane vert ståande.

Beredskapsmessige konsekvensar: ikkje vurdert

Konsekvensar for barn og unge: Ikkje vurdert

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Nei

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Rune Sjurgard  
kommunedirektør